

ÅRSPLAN 2021/22

SAGATUN BARNEHAGE



SOGNDAL KOMMUNE

Innhold

Velkommen til barnehagen	3
Praktisk informasjon:.....	4
Opningstid:	5
Planleggingsdagar 2021/2022:.....	5
Sjukdom.....	7
Rammeplan og Verdigrunnlag.....	8
Satsingsområde:.....	10
Samarbeid heim-barnehage og foreldre sin rett til medverknad	12
Barnehagen sine faglege samarbeidspartar.....	13
Danning gjennom omsorg, leik og læring	14
Barn si rett til medverknad.....	15
Inkluderande fellesskap.....	16
Arbeid med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar	17
Årshjul.....	19
Fagområda i Rammeplanen	20
Overgang	24
Barnehage-skule.....	24
Tradisjon og feiring.....	25

Velkommen til barnehagen

Sagatun barnehage er ein av Sogndalsbarnehagane. Den er eigd av Sogndal kommune.

Me har totalt fire avdelingar, to småbarnsavdelingar og to storbarnsavdelingar. Frå og med hausten 21 har me organisert oss på tre avdelingar og me samarbeidar tett, spesielt på endane av dagen.

Barnehagen ligg sentralt i Balestrand og har eit stort uteområde. Rundt oss har me flott og mektig natur som me har glede av å nytta kvar dag.

Balestrand har også ein spennande kulturhistorie som me gjer oss kjende med. Badelaguna, Balasletta og Kong Bele, flotte skogsløyper og stor fotballbane og klatrepark, dragehus og kunst er noko av det som me har rundt oss. Sentrum med butikkar, Hotell, akvarium er også få minuttar unna.

Årsplan for barnehagen:

- gjeld for eit år om gongen, frå medio august til medio august året etter.
- innhaldet byggjer på føringar i Lov om barnehagar
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> og Rammeplanen for barnehagen
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>.
- er eit arbeidsdokument som utarbeidast i samarbeid mellom barnehagen sine tilsette, barn og foreldre, og legg grunnlaget for vidare samhandling gjennom barnehageåret. Årsplanen skal godkjennast av SU.
- skal gi informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid og grunnleggjande verdiar.

Konklusjon frå møte i SU 23. september 2021.

«Årsplanen har vore oppe i SU-møte 24.09. 21 Me vart der samde om at årsplanen skal reviderast i løpet av året. FAU og personale arbeidar saman om dette. FAU og einingsleiar organiserer arbeidet ved å opprette arbeidsgrupper. Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagar er styrande for innhaldet i årsplanen.»



Praktisk informasjon:

Barn og personale:

Det er totalt 53,4 plassar i bruk og 43 barn i alderen 1-6 år. I år har me organisert oss slik:

Kon Tiki (tlf:489 59 791) 12 barn frå 1-3 år Her brukar me Tigris avdelinga slik at borna har god nok plass.

Ped.leiar Arna Jorddal, barne- og ungdomsarbeidar Aud Marit Nesse, barne- og ungdomsarbeidar Terese Solvorn, barne- og ungdomsarbeidar Else Marie Aune, assistent Inger Eithun

Saga Siglar (tlf: 489 59 789) har 19 barn frå 2-4 år. Her brukar me også Tigris når me har smågrupper på føremiddag

Ped.leiar Solgunn Lunde, barnehagelærar Jørgen Thorstensen Sande, assistent Dania Taras, assistent/lærling Eva – Cecilie ødemark, assistent Geir Christian Son Bale

Ormen Lange (tlf: 489 59 790) har 13 barn som er skulekameratar og har siste året sitt i barnehagen.

Ped.leiar Christina Roskaritz, barnehagelærar Jørgen Thorstensen Sande , barne- og ungdomsarbeidar Lindis Hilde

Einingsleiar for barnehagen er Anne Buene (**tlf: 489 59 788**)

Totalt 13 personale er tilsette i barnehagen, ikkje alle har full stilling. Me har fem barnehagelærarar, tre av dei har stilling som pedagogisk leiar, ei som einingsleiar og ein som barnehagelærar. Åtte assistenter der fire har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidrarar og ein er lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Personale i barnehagen er underlagt lov om teieplikt og har levert politiattest i tråd med lov om bhg. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Opningstid:

Barnehagen opnar Kl. 0715-1630.

Generell dagsrytme:

Kl. 07.15 - 07.45

Levering skjer på Kon Tiki - frukost for dei som ynskjer det

Kl. 07.45-09.30

KT – levering inne

OL/SS - levering ute. Uteleik og frukost ved langbordet for dei som ynskjer det. Hugs at borna må vere kledd i uteklede.

Kl. 09.30

Samlingsstund / aktivitet

- Øver på å gå på toalettet, bleieskift og handvask

Kl. 11.00

Lunsj

Kl. 11.30

Øver på å kle på uteklede

Leik ute / inne

Soving for dei som har behov for det

Kl. 14.00

- Øver på å gå på toalettet, bleieskift og handvask
- Fruktmåltid

Kl. 14.30 -16.30

Leik ute / inne Avdelingane samarbeidar

Avdelingane har ein meir detaljert dagsrytme. Det vil de få innblikk i på foreldremøtet 28. september 21.

Barnehagen er heilårsopen. Borna må ha tre samanhengande veker med ferie i løpet av eit barnehageår. Viser til vedtektenes <https://www.sogndal.kommune.no/vedtekter-for-barnehagane.510643.nn.html>

Det er stengt julafta og nyttårsafta, samt på 5 plandagar. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open frå kl. 07.15-12.00

Planleggingsdagar 2021/2022:

12.-13. august, 12. november, 3. januar, 27. mai (i tråd med skulane si skulerute)

Me kan ha studentar frå HVL – Høgskulen på Vestlandet og elevar frå Sygna vgs i periodar.

Bhg er med på eit prosjekt «**Actnow**». Dette betyr at me har stort fokus på meir og betre fysisk aktivitet i barnehagen. Meir om prosjektet her, samt ein informasjonsvideo:

<https://www.hvl.no/actnow>

Klede/sko:

Det er viktig at borna til ei kvar tid har ekstra klede i barnehagen. **NB!** Merk kleda

Me heng skitne/våre klede i ein pose på plassen til barnet. Kon Tiki heng det inne på plassen, Ormen Lange og Saga Siglar heng det ute på plassen til barnet.

Ytterkleda til barnet må de sjekke med jamne mellomrom

Pris:

Viser til Sogndal kommune si side. Her ligg det til ei kvar tid oppdaterte prisar, samt informasjon om søskensmoderasjon og retten til redusert foreldrebetaling. <https://www.sogndal.kommune.no/prisar-og-moderasjonar.517080.nn.html>

Måltid:

Borna har med seg frukost om dei ynskjer å ete det i barnehagen. Lunsj og fruktmåltid får borna i barnehagen.

Me kjøper grovbrød, knekkebrød, variert pålegg, mjølk, grønsaker, frukt og yoghurt.

Gebursdagsfeiring:

Denne dagen er det fokus på barnet som har bursdag. Flagget vert sett opp, krune vert gitt ut og me feirar barnet i samlinga.

Sjukdom

Retningslinjer for dei vanlegaste sjukdomane er:

Brennkoppar

Barnet kan kome tilbake til barnehagen når såra er under kontroll. Det må ikkje lenger vere fare for at smitteførande sårsekret kan påførast andre barn i barnehagen direkte eller indirekte gjennom kontaktpunktar.

Diare/omgangssjuke

Barnet skal haldast heime 2 døgn (48 timer) etter at dei er symptomfrie.

Forkjøling/halsesjuke/influensa

Barnet skal haldast heime ved feber på 38 grader og over, og når det er utilpass med nedsett allmenntilstand.

Vannkoppar

Barnet skal vere heime til utslettet har begynt å tørke inn.

Hand-, fot- og munnsjuke

Ved utbrot av hand-, fot- og munnsjuke i barnehage og skule blir det anbefalt å sette i gong hygieniske tiltak, dvs. god handhygiene og vask av stellebord og liknande. Barn kan gå i barnehagen ved god allmenntilstand uavhengig av utslett.

Augekatarr

Ved mild til moderat augnekatarr kan barnet gå i barnehagen, så lenge allmenntilstanden er god. Ved kraftig augnekatarr med mykje pussdanning, skal barnet haldast heime til pussdanninga har avteke, dette p.g.a. smittefare i høve andre barn. Ved kraftig augnekatarr er det naturleg å oppsøke lege for avklaring, om det blir sett i gang behandling kan barnet kome i barnehagen dagen etter at behandlinga er sett i gang.

Hovudlus

Barnet skal behandlast same dag det er oppdaga hovudlus. Etter oppstarta behandling kan barnet gå i barnehagen som vanleg. Det er viktig at vi i barnehagen får beskjed så snart som mogleg, slik at vi kan gi beskjed til alle om å sjekke barna sine for hovudlus.

Dette er retningslinjene vi fylgjer i barnehagen.

Behovet til barnet skal alltid setjast i fokus.

Generelt er det allmenntilstanden til barnet som er retningsgivande i spørsmålet om barnet kan gå i barnehagen eller ikkje. I barnehagen er det mange barn på kvar avdeling, og barnet må greie å delta i dei vanlege aktivitetane som m.a. inneber uteleik. Barn med 38 grader feber eller over, eller diare/oppkast skal haldast heime frå barnehagen.

Vi i barnehagen er ikkje kompetente til å uttala oss om ulike sjukdomar. Det er difor viktig at ein rådfører seg med helsestyrer eller lege om ein er usikker. Sjå elles Faglege råd frå Folkehelseinstituttet. <https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

Korona

Me har beredsskapsplan i bhg og arbeidar i tråd med smittevernsretteliaren

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/barnehage/> eller

https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/befolkningen/hva_skal_du_gjore_ved_nye_luftveissymptomer/ Situasjonen endrar seg heile tida og smittevernsretteliaren er alltid oppdatert.

Rammeplan og Verdigrunnlag

I §1 i lov om barnehagar (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>) står det at «barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arb og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane og FN sin barnekonvensjon.»

Rammeplanen (<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>) er ei forskrift til Barnehagelova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Den er eit arbeidsreiskap for å sikre barnet si totale utvikling. Barnehageverksemda i Norge sorterer under Kunnskapsdepartementet, og er difor ein del av utdanningssystemet.

Målet med rammeplanen er å gi personalet i barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av arbeidet som vert gjort.

Den gir informasjon til føresette om kva som vert vektlagt. Den gir også høve til medverking av foreldra via FAU og SU.

Rammeplanen beskriv barnehagen som ei pedagogisk verksemd som skal tilpassast den enkelte barnehage.

I rammeplan for barnehagar (står det at «Barnehagen sitt verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.» Vidare står det at «Barnehagen sitt samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

Rammeplanen framhevar desse punkta:

Barn og barndom

- Barndommen har sin eigen verdi
- Den gode barndommen skal pregast av trivsel, venskap og leik
- Barndommen skal legge grunnlag for at barna vert aktiv deltagande i samfunnet og får eit godt liv
- Barnet sitt beste er eit grunnleggande prinsipp for alt arbeid i barnehagen.
- Barna skal møtast som individ og med respekt for deira opplevingsverd

Demokrati

- Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap ved at alle får høve til å ytre seg, bli høyrt og delta
- Barnehagen skal bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi lever i i dag

Mangfald og gjensidig respekt

- Barna skal i barnehagen få oppleve at det er mange måtar å tenkje, handle og leve på, samt få innsyn i ulike kulturar
- Barna skal oppleve at det er plass til akkurat den einskilde
- Barna skal samstundes erfare verdien av gode fellesskap på tvers av ulikskapar

Likestilling og likeverd

- Barnehagen skal byggje sin verksemد på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering slik at barna møter og er deltagande i eit likestilt demokratisk samfunn

Berekraftig utvikling

- Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen gjennom haldningsskapande arbeid i barnehagen og tenke konsekvens av handlingar
- Barna skal få vere delaktige og verte kjend med naturen som er i nærmiljøet til alle årstider

Livsmeistring og helse

- Barnehagen skal bidra til god trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi og førebyggje krenkingar og mobbing
- I barnehagen skal barna få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og utvikle empati
- Barna skal oppleve å høyre til i eit fellesskap og utvikle venskap med andre barn
- Barnehagen skal legge til rette for at barna utviklar ei god fysisk og psykisk helse

Satsingsområde:

Sogndalsbarnehagane har tre områder som vi skal ha ekstra fokus på, **livsmeistring, førebygging av krenking og vurdering av det pedagogiske arbeidet.**

1. Livsmeistring

Grunnlaget for trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi blir lagt tidleg i barndommen og barnehagen har ein sentral plass i dette. Livsmeistring handlar og om å møte motstand, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Personale i barnehagen skal bidra til at barna:

- Utviklar eit positivt sjølvbilete gjennom meistringsopplevelingar
- Opplever venskap og fellesskap
- Erfarer tryggleik og tilknyting til personalet
- Oppleve spenning og glede i variert leik
- Er aktiv og medskapande i leik og læring
- Bruker sin kreativitet og søker utfordringar i leik og læring
- Blir møtt på sine uttrykk, sin undring og utforskarrang
- Oppleve mangfold, likeverd og respekt
- Utviklar sin språkkompetanse og sin matematiske kompetanse

2. Førebygge krenking

Personale i barnehagen skal bidra til positive relasjoner mellom barna som fører til trivsel og utvikling. Personale skal leggje til rette for at barna skal få utvikle empati, og lære korleis vi skal ta vare på kvarandre.

Pedagogisk verktøy er samspelsmetoden Dialog og systematisk arbeid med sosial kompetanse.

Personale i barnehagen er likevel den viktigaste ressursen for å fylge opp lov om barnehagen og rammeplanen. For å få til god kvalitet i barnehagen har vi hatt, og vil ha, stort fokus på vaksenrolla. Barnehagen arbeider også etter handlingsplanen for inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar, og nyttar verktøya som er i den.

3. Vurdering og dokumentasjon

Vurdering er eit viktig verkemiddel for å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet vårt. Her legg vi grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon, vidare kvalitetsvurdering og fornying av verksemda.

Halvårsplan

Dette er ein meir langsiktig plan som gir oversikt over mål og metodar av kvart tema i årshjulet. Her får vi sikra at alle fagområda i Rammeplanen blir jobba med.

Temoplanar

Informasjon om kva som skal skje, står på vekeplanane. Men innhaldet på vekeplanane kan endra seg utifrå kva ungane har trong for til einkvar tid.

Foreldresamtalar

Foreldra har tilbod om 2 foreldresamtalar i året haust og vår, men utifrå trong kan det bli ferre eller fleire. Begge partar fortel korleis dei tykkjer det går med barnet, og diskuterer tiltak viss noko ikkje går så bra. Utgangspunkt for samtalen er «Alle med»-skjema

«Tras» og « Alle Med» er kartleggingssystem som barnehagen nyttar.

«**TRAS**» er Tidleg Registrering Av Språkutvikling. Sosial meistring og leik kjem også inn.
«**Alle Med**» er eit observasjonsverktøy for å dokumentera barnet si sosiale meistring.
På ein systematisk måte får vi oversikt over barnet si språkutvikling , trivsel i barnehagen og motoriske utvikling.

Andre vurderingsmåtar:

- Fortløpende vurdering av det enkelte barn sin trivsel og utvikling
- Vurdere samspelet i barnegruppa, barn-barn, barn-voksen, voksen – voksen
- Fange opp barna sine innspel
- Fortløpende vurdering av samarbeidet mellom foreldre og barnehage
- Brukarundersøking
- Følgje reglar og retningslinjer innanfor barnehagen sitt gjeldande HMT- system

Samarbeid heim-barnehage og foreldre sin rett til medverknad

Barnehagen har mange viktige samarbeidspartnarar, aller viktigaste er foreldra/føresette.

Barnehagen skal legge til rette for godt samarbeid og at foreldre har høve til reell medverknad.

Den daglege og uformelle kontakten med foreldre er viktig for barnehagen. For at barna skal ha det trygt og godt i barnehagen, er det viktig at informasjon blir gitt av både foreldre/føresette og personalet. Eit døme på dagleg, uformelt samarbeid er hente- og bringesituasjonane.

For å sikre godt samarbeid med heimane, har vi lagt vekt på blant anna desse samarbeidsformene:

- Foreldresamtalar (to samtalar i løpet av barnahegåret)
- Foreldremøte (haust og vår)
- Uformelt samarbeid ved t.d. hente- og bringesituasjonar
- Foreldrekaffi/lunsj, dugnad, m.m
- Ulike arrangement
- Temaplanar og anna skriftleg informasjon/kommunikasjon – via Visma Flyt Bhg
- Foreldra er organisert i Foreldresamarbeidsutval (FAU) og dei vel representantar til Samarbeidsutvalet (SU), der personalet òg er representert
(https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL_2)

FAU:

- Alle foreldra i barnehagen er medlem av foreldrerådet.
- Foreldrerådet vel eit arbeidsutval, FAU, som består av 5 representantar. Hovudoppgåva til foreldrerådet er å fremja fellesinteressa til foreldra. Foreldrerådet skal vidare skapa eit godt samhald mellom heimen og barnehagen. Dei skal og hjelpe til med å legge til rette for trivsel og positiv utvikling hos barna.
- FAU informerer og har kontakt med heile foreldregruppa

SU:

- Samarbeidsutvalet er det høgste samarbeidsorganet i ein barnehage. Samarbeidsutvalet kan uttale seg i alle saker som vedkjem barnehagen og består av: 2 representantar frå FAU, 1 pedagogisk personale, 1 frå andre personale, 1 politikar (i år er det Margrete Haug), einingsleiar.

BTI: Betre tverrfagleg innsats. Sjekk informasjon på Sogndal kommune sine sider:

<https://www.sogndal.kommune.no/betre-tverrfagleg-innsats-bti.538690.nn.html>

Me ynskjer å komme tidleg i gang med samarbeid saman med dykk foreldre om det er noko de eller me ser barnet har behov for. Kjem me tidleg i gang har me gode føresetnader for å kunne hjelpe barnet.

Barnehagen sine faglege samarbeidspartar

1. Pedagogisk – psykologisk teneste (PPT)

Alle kommunar er pålagde å ha ei pedagogisk- psykologisk teneste. Denne tenesta skal hjelpe barn i barnehagen, deira føresette og barnehagen når det er behov for hjelp og støtte. Hjelpa kan omfatte foreldrerettleiing, trenings- og stimuleringstiltak, og rettleiing av barnehagepersonalet.

Vi gjer merksam på at personalet ikkje kan ta opp konkrete utfordringar med PP- tjenesta utan samtykke frå foreldra.

2. BTI- teamet

Dette er eit team der vi kan drøfte generelle problemstillingar eller anonyme bekymringar. Vi har også høve til å drøfte bekymringar for enkeltbarn om foreldre ynskjer det. Då er foreldra med på dette møtet.

3. Helsestasjon

Samarbeid om barn når foreldre har gitt løyve til det, samarbeid ved epidemiar og i forhold til helse og hygiene i barnehagen.

4. Barnevernet

Hovudoppgåva til barnevernet er å hjelpe til slik at barn og unge får omsorg, tryggleik og gode høve til å utvikle seg. Barnevernet kan mellom anna gi råd og rettleiing og skaffe støttekontakt, barnehageplass, besøksheim og tiltak som kan avlaste foreldra i heimen.

Dei fleste barn får god omsorg heime hos foreldra sine, men av og til kan det vere vanskeleg for foreldra å få det heilt til, til dømes om dei har ein vanskeleg livssituasjon. Då kan barnevernet vere til god hjelp.

I følgje lov om barnevern har alle barnehagar meldeplikt når det er mistanke om omsorgssvikt og barnemishandling.

6. Grunnskule

I overgang frå barnehage til skule når foreldre har gitt løyve til det.

7. Fagnettverk

Personalet er med på fagnettverksamlingar. Fagnettverk er ein metode for aktiv medskaping og kvalitetsutvikling av barnehagen. Vi har sju nettverk, eit for kvart av dei sju fagområda i rammeplanen. Målet er å vidareutvikle kvaliteten i barnehagen.

Danning gjennom omsorg, leik og læring

Rammeplanen seier at barnehagen skal ivareta både omsorg, leik og læring.

Danning skal vere ein prosess der barnet blir i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nyfikne på omverda, forstå felles verdiar og normer og til å sjå seg sjølve som ein verdifull medlem i eit større fellesskap. Barna skal få utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåte.

Omgrepa omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk heng tett saman i alt arbeid i barnehagen. Omgrepa vil gå om kvarandre og i kvarandre for å bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Omsorg i barnehagen handlar om relasjonar og tryggleik. I Sagatun barnehage skal nærliek, vilje til å lytte, og innleving, prege samspelet mellom barn og voksen. Personalet skal gje barna rom for å være seg sjølv, gi barna tid og omtanke, bry seg og sørge for at alle barn trivst og opplever tilhørsle i barnehagen. Vi skal bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, støtte og oppmunstre barna til å vise omsorg for andre og til sjølv kunne ta imot omsorg.

Leik er barna sin viktigaste aktivitet og er ein svært sentral del av dagen i Sagatun barnehage. Leik er frivillig og styrt av barnet sjølv, og den er grunnleggjande for barn si læring og utvikling. Gjennom leiken lærer og utviklar barna seg intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt. Dette skjer i alle situasjonar. Vi i personalgruppa skal fysisk og organisatorisk legge til rette for variert leik, som inspirerer til fantasi, skaparglede og livsutfaldning, slik at barna opplever gode relasjonar og venskap. Alle barn skal ha nokon å leike med og vidareutvikle leikekompetansen.

Vi skal gi borna stimulerande miljø som støtta opp om lysten til å leike, utforske, lære og meistre. For at vi skal legge til rette for ulike læreprosessar må vi anerkjenna og stimulera kreativitet og vitelyst, og det å vere nyfiken. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansane sine i læreprosessane sine. Barna skal få bidra i sin eigen læring men også i andre sin, bli meir sjølvstendige og sjølvhjelpe. Vi ser læring i både eit formelt og uformelt perspektiv. Med formell læring meiner vi ved tilrettelagd aktivitet og med uformell læring meiner vi leik og her og no situasjonar.

Barn si rett til medverknad

Personalet i barnehagen skal leggje til rette for at barna skal vere delaktig i planlegging av sin eigen kvardag utifrå alder og modning.

Vi legg til rette for at barna skal medverke i sin egen kvardag ved å:

- Oppleve tilknyting og fellesskap. Kjenne at dei kan bestemme sjølve og uttrykkje eigne intensionar
- Barnehagen må organisere og planlegge, slik at det blir tid og rom til at barna får ytre meininger, ynskjer og trong
- Barna må få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av kvardagen til barnehagen
- Innhente barna sine meininger og synspunkt gjennom samtale, leik og observasjonar.
- Inkludere alle barn på eigne premissar, lære at barn har ulike behov
- Vere medvitne og lese barn sitt kroppsspråk, handlingar og uttrykk
- Barn må få øve på å ta ansvar for eigne handlingar og ta konsekvensar av dei

Inkluderande fellesskap

Alle barn som byrjar i barnehagen, kjem med ulik familie-, kulturell- og sosial bakgrunn, og har dermed ulike føresetnader. Vi i Sagatun barnehage ynskjer å ha eit inkluderande fellesskap med plass til alle. Personalelet har eit ansvar for at alle barn, uavhengig av funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn, får oppleve at dei sjølve og alle i gruppa er viktige personar for fellesskapet. Vi ynskjer at barnehagen vår skal vere eit miljø der ulike individ og ulike kulturelle ytringar skal møtast med respekt. Barnehagen har og eit særleg ansvar for å førebyggje vanskar og oppdage barn med særskilde trøng.

For å lukkast med å skapa eit inkluderande fellesskap gjer vi følgjande:

- Fokusere på kva som er mogleg, ikkje på avgrensingar
- Ha respekt for kvar einskild sin eigenart
- Null-toleranse for mobbing. Barnehagen har eigen handlingsplan mot mobbing.
- Vi sikrar at dei med fleirkulturell bakgrunn forstår informasjonen som blir gitt, gjennom å bruke ulike metodar for dette, f.eks eigne samtaler, tolk
- Sette inn tiltak for barn som vi ser treng det
- Samarbeide med eksterne fagpersonar
- Samarbeide tett med foreldra og vere sensitive og lydhøyre i foreldresamarbeidet

Arbeid med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar

Gjennom lovverk er barnehagen forplikta til å jobbe med inkluderande miljø utan mobbing og andre krenkingar. Både barnehagelova, FN's barnekonvensjon og rammplanen seier noko om dette.

Oppsummert kan ein samanfatte det slik:

- * Barnehagen skal vere ein trygg stad og den skal medverke til at barn trivst
- * Barna skal ha eit trygt barnehagemiljø. Dei skal ha vern mot alle formar for fysisk eller psykisk vald. Krenking, mobbing og trakassering blir rekna som vald.
- * Barnehagen skal førebyggje, stoppe og følgje opp utestenging og mobbing
- * Barna som blir haldne utanfor leiken, skal få spesiell oppfølging frå barnehagen. Det same skal barn som held andre utanfor leiken
- * Barna skal møtast med tillit og respekt
- * Barna skal ha vaksne rundt seg som er gode rollemodellar
- * Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler
- * Barna har rett til å bli høyrde i alt som handlar om dei. Deira meningar skal vektleggjast i samsvar med deira alder og modning.

I Sagatun barnehage vil vi:

- Ha null toleranse for mobbing
- Kvart år jobbe med sosialkompetanse og ha vennskap som tema.
- Stoppe og markere tydelege grenser ved uakseptabel åtferd
- Vere lydhøye og tilstades der mobbing kan skje, observere og rettleie
- Gripe raskt inn og følgje opp negativ adferd/mobbe-episodar
- Samarbeide tett med heimen. Ta opp hendingar direkte med foreldre til dei det gjeld. Evt. kalle inn foreldre/foreldregruppe til møte
- Barnesamtale 1 – 2 gonger i halvåret med dei eldste barna. Her har vi samtale med barnet om barnehagekvardagen, om kva som er bra og mindre bra.
- Evaluering av arbeidet vårt på samarbeidsmøta og personalmøta.
- **Vi ynskjer at barna skal lære:**
 - ✓ Å helse på andre
 - ✓ Å takke
 - ✓ Å vente på tur
 - ✓ Å invitere andre inn i leik
 - ✓ Å dele
 - ✓ Å halde avtalar
 - ✓ Å stå til ansvar
 - ✓ Å snakke vennleg
 - ✓ Å setje eigne grenser
 - ✓ Å yte for fellesskapet, ikkje berre nyte

Aktivitetsplikt.

Regjeringa innførte aktivitetsplikt. Barnehagen har eit ansvar for å fylgja med på korleis ungane har det. Viss eit barn ikkje har det bra, skal det få hjelp. Barnehagen skal lage ein skriftleg plan over korleis barnet skal fylgjast opp.

Årshjul

I årshjulet finn de ulike tema og datofesta aktivitetar gjennom året. Vi har også tatt med tema som er med på å førebygge inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og krenkingar. Desse tema skal vere med på å utvikle sosial kompetanse og relasjonskompetanse, som er med på å fremje gode og trygge barnehagemiljø.

Actnow minner oss om at fysisk aktivitet er viktig og at det fremjar læring når me integrerer det i arbeidet med tema.

«Kvit veke» betyr at det ikkje er faste tema bl.a. grunna feriar på skule. Fokus på vennskap og å finne på kjekke ting saman.

VEKE	TEMA	KVA SKJER?
33-34	Oppstart/Tilknytning Trivsel og tryggleik	
35-36	Brann Empati og rolletaking	2 stk. brannøving
36-40	Haust i bygda vår Empati og rolletaking	
41	Kvit veke	Haustferie på skulen
42-45	Venskap, samhald og livsmeistring. Act now. Positive sosiale haldningar og handlingar	Tysdag 09.11: Forutaksjonen
46-47	Trafikk i mørket Positive sosiale haldningar og handlingar	Politibesök
48-52	Jul	Torsdag 02.12: Frist for å levere juleferielapp. Onsdag 08.12: Juleverkstad Mandag 13.12: Luciafeiring Torsdag 16.12: Nissefest
1	Kvit veke	
2-3	Brann	2 stk. brannøving
4-7	Barnelitteratur Leik, glede og humor	Karneval: Torsdag 17.02 Skidag/akedag
8	Kvit veke	
9-10	Barnelitteratur Leik, glede og humor	
11-15	Påske Sjølvhevding	Torsdag 17.03: Frist for å levere påskeferielapp
16-17	Venskap, samhald og livsmeistring. Act now	
18-20	Vår Landet vårt, vi førebur oss til 17.mai Sjølvkontroll	Torsdag 28.04: Frist for å levere sommarferielapp Mandag 16.05: Tog til Helsetunet
21-24	Bærekraftig utvikling Livet i fjøra og fjorden Sjølvkontroll	Onsdag 08.06: Trafikkdag Torsdag 16.06: Sommarfest

Fagområda i Rammeplanen

Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og evnar. Rammeplanen seier noko om kva vi skal jobba med og korleis. Den ser til at barnehagen sitt innhald skal vere allsidig og variert, og utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støtte for sin utvikling av kunnskap, ferdigheter og haldningar. Alle barna skal ta del i innhaldet frå alle sju fagområda. Fagområda vil sjeldan opptre åleine, då våre arbeidsmetodar i stor grad er tverrfaglege. Arbeidet med fagområda blir tilpassa barna sin alder, trong og utvikling og vi tenkjer progresjon i arbeidet vi gjer.

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagens innhald. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk.

Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til at barna

- Lyttar, observera og gir respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne
- Vidareutviklar sin omgrevsforståing og bruker eit variert ordforråd
- Bruker språk for å uttrykkje kjensler, ynskjer og erfaringar, til å løyse konfliktar og skape positive relasjonar i leik og anna samvær
- Blir kjent med bøker, songar, bilete, media m.m.
- Leikar, improvisera og eksperimentera med rim, rytmje, lydar og ord
- Opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
- Utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråk, som leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar



Kropp, rørsle, mat og helse

Ved sanseinstrykk og rørsle får barn erfaring, evne og kunnskap på mange områder. Barna tileigner seg grunnleggjande motoriske ferdigheter, kroppskontroll og fysiske eigenskapar i korleis de kan ivareta helse og livskvalitet. Variert fysisk aktivitet både inne og ute er av stor tyding for den motoriske utvikling.

Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til at barna

- Får ein positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring
- Skaffar seg gode erfaringar med varierte og allsidige rørsle og utfordringar
- Utviklar glede ved å bruke naturen til utforsking og kroppslege utfordringar, og får ein forståing av korleis ein bruker og samtidig tar vare på miljøet og naturen
- Får kunnskap om menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert og sunt kosthald
- Setter grenser for eigen kropp og respekterer andre sin grense

Kunst, kultur og kreativitet

Det skal vere mogeleg for barna å oppleva kunst og kultur, og til sjølv å uttrykkje seg estetisk. Barn skapar sin eigen kultur ut frå eigne opplevelingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk vil barn få eit mangfald av muligheter for sansing, oppleving, eksperimentering, tenking og kommunikasjon. Å vere saman om kulturelle opplevelinger bidrar til fellesskap.

Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til at barna

- Har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om deira leikande og estetiske uttrykksformar
- Bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- Oppleve glede og vere stolt over eiga kulturell tilhøyring
- Tek i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede



Natur, miljø og teknologi

Naturen gir rom for eit mangfold av opplevingar til alle årstidar og i all slags vær. Faget skal bidra til at barna blir kjent med, og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vær. Det er eit mål at barna skal få ein byrjande forståing av meininga av ein bærekraftig utvikling. I dette inngår kjærleik til naturen, forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.

Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til at barna

- Opplever naturen og undring over mangfaldet i naturen
- Opplever glede ved å ferdast i naturen og får grunnleggande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen
- Får erfaringar med og kunnskapar om dyr og vekstar og deira gjensidige avhengigkeit og meining for matproduksjon
- Får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen fysiske lover

Etikk, religion og filosofi

Dette fagområdet er med på å forme måtar og oppfatte verden og menneske på og pregar verdiar og haldningar. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normar. Norge er i dag eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektera og respektera det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som den skal ta med seg verdiar i kristen og humanetisk arv og tradisjonar.

Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til at barna

- Erfarer at grunnleggjande spørsmål er vesentlige, ved at det gis anledning og ro til undring og tenking, samtalar og forteljingar
- Tileignar seg samfunnets grunnleggjande normar og verdiar
- Utviklar toleranse og interesse for kvarandre og respekt for kvarandre sin bakgrunn, uansett kultur og religion eller livssyn
- Får innsikt i grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og bli kjende med religionar og livssyn som er representert i barnegruppa
- Får kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar knytt til høgtida

Nærmiljø og samfunn

Vi skal bidra til at barn møter verda utanfor familien med tillit og vere nyfikne. Barnehagen skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknyting til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett. Barna skal medverke i å utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Barn sin medverknad i det indre liv i barnehagen kan vere fyrste skritt for å få innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn.

Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til at barna

- Utviklar tillit til eigen deltaking i og medverknad av fellesskapet
- Blir kjent med og deltar i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet
- Utforske ulike landskap, bli kjent med institusjonar og stadar i nærmiljøet og læra å orientere seg og ferdast trygt
- Blir kjent med ulike tradisjonar, levesett og familieformar



Tal, rom og form

Barn er tidleg opptatt av tal og teljing, de utforskar rom og form, de argumentera og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse. Vi har et ansvar for å oppmuntre barn sin eigen utforsking og leggje til rette for tidleg og god stimulering.

Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til at barna

- Opplever glede over å utforske og leke med tal og formar
- Utviklar forståing for grunnleggande matematiske omgrep og matematiske samanhengar
- Erfarer, utforskar og leikar med form og mønster
- Erfarer ulike typar storleikar, formar og mål gjennom å sortere og samanlikne

Overgang

Barnehage-skule

Barnehagen skal, i samarbeid med foreldra og skulen, legge til rette for ein trygg og god overgang frå barnehage til fyrste klasse og eventuelt SFO. Dei eldste barna i barnehagen har eit eige opplegg ein gong i veka. Vi kallar denne gruppa for skulekameratar. Opplegga skal vere med på å gi barna eigne erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag for å starte på skulen. Vi ynskjer også at gruppa skal vere med å skape positive fellessopplevingar og gi glede og motivasjon til å starte på skulen.

Overføring av informasjon mellom barnehage og skule i april/mai:

For å sikre kontinuitet i barna sitt læringsløp, kan informasjon frå barnehagen til skulen vere nyttig. For å gi slik informasjon, må barnehagen ha løyve frå foreldre. De får utdelt eit skjema med orientering om kva informasjon som kan overførast.

Denne planen kan det verte endringar på.

TID/STAD	KVA SKAL GJERAST
September	Ped.leiar og 1.klasselærar samarbeidar om møtepunkt gjennom året Kva er ein ven? Treff i bhg
Oktober	Kva er viktig når ein samarbeidar? Uteskule
November	Venskap og samhald Treff i bhg
Desember	Jul Treff på skulen
Januar	Treff i bhg
Februar	Uteskule
Mars	Treff i bhg
April	Uteskule Samarbeidsmøte mellom barnehage og skule
Mai	2 førskuledagar.
Juni	Evaluere året som er gått og planleggje samarbeidet for neste år. Desse møter: einingsleiar, rektor, kontaktlærar 1. klasse og pedagogisk leiar.

Tradisjon og feiring

Haust

- Forut-aksjon
 - Målet med dette arbeidet er at barna skal få kjennskap til barn som lever under andre forhold, og i andre kulturar enn dei sjølve. Dette kan vere med på å utvikle empati og respekt.
 - Kvart år får vi tildelt eit land som vi skal støtte økonomisk. Vi får ulikt pedagogisk materiale frå Forut som vi kan presentera for barna, slik at barna vert betre kjend med landet, og kulturen deira. Vi får også tilsendt nokre gjenstandar som vi kan selje på foreldrekafe for å samle inn pengar til prosjektet. Skulekameratane har ansvar for å lage prisliste, prislappar og plakatar til foreldrekafeen. Dette vert arrangert ein ettermiddag, og det vert også selt kaker, kaffi og saft. Alle pengane som kjem inn går til Forut-aksjonen.
- Politibesøk
 - Politiet kjem på besøk for å dele ut refleks, og snakke om korleis vi som trafikantar skal te oss når det er mørkt ute. Vi samtalar om trafikkreglar og vert kjende med politiet.
- Jul
 - Måla med desse aktivitetane er å ta vare på norske tradisjonar og kultur, og skape positive fellessopplevingar i barnegruppa. Det er også eit mål at barna skal bli kjende med den kristne kulturarven.
 - Juleverkstad; barn med foreldre og sysken er velkomne til å lage julepynt i barnehagen på ettermiddagstid denne dagen. Det vert ein aktivitet på kvar avdeling som er styrt av nokre frå personalet.
 - Nissefest; Denne dagen kler vi oss ut som nissar (frivillig) og et graut til lunsj. Vi har felles samling og aktivitet på Saga Siglar før lunsj, og kanskje kjem nissen innom med ei lita overrasking til oss.
 - Lucia; Denne dagen er det fint om barna tek med ei kvit t-skjorte eller skjorte. Alle barna får kvart sitt lys, og saman går vi i tog til helsetunet. Vi syng nokre songar til dei, og går deretter ned i barnehagen og et lussekattar.
 - Besøk frå den Norske Kyrkja; Knytt til jule- og påskehøgtida pleier vi å få besøk av ein representant frå den Norske Kyrkja. Då syng vi songar saman og samtaler om høgtida. Nokre gonger er det også andre aktivitetar som td. rollespel frå bibeltekstane.
 - Baking; I løpet av desember vert det ein eller fleire dagar med baking saman med barna.

Vinter/Vår

- Skidag/akedag
 - Målet med denne dagen er å skape positive fellessopplevingar for barna, og at dei skal få erfaringar med motorisk fremjande aktivitetar på vinterstid.
 - Denne dagen oppmodar vi så mange som mogleg til å ta med ski eller akebrett (vi har nokre akebrett i barnehagen). Vi trakkar opp ei skiløype nede på Balasletta, og dei barna som ynskjer å gå skiløypa får kvar sitt startnummer på seg. Etter skigåing og aking vert det felles lunsj og utdeling av diplom.
- Samane sin nasjonaldag
 - Målet er å gi barna kunnskap om og innblikk i samisk kulturarv
 - Vi markerer Samefolkets-dag 6. februar
- Karneval/fastelavn
 - Målet med denne dagen er å ta vare på tradisjonar og skape positive fellessopplevingar for alle. Dette kan vere med på å styrke samhaldet i barnegruppa.
 - Barna kan kle seg ut som det dei ynskjer. Vi har felles samling, aktivitet og kosar oss med ekstra god lunsj.
- Påske
 - Måla med desse aktivitetane er å ta vare på norske tradisjonar og kultur, og skape positive fellessopplevingar i barnegruppa. Det er også eit mål at barna skal bli kjende med den kristne kulturarven.
 - Påskelunsj m/foreldre
 - Knytt til påskehøgtida pleier vi å få besøk av ein representant frå den Norske Kyrkja.
- 17.mai – feiring
 - Målet med denne aktiviteten er å førebu barna på det som skal skje 17.mai. Vi ynskjer å gjere barna kjende med korleis vi feirar nasjonaldagen i Noreg, og vi ynskjer å skape ei positiv fellessoppleving for heile barnehagen.
 - Vi går i tog til Helsetunet og syng nokre songar for dei. Etterpå feirar vi med god mat og is i barnehagen. Barnehagen vert pynta og barna går med flagg.
- Trafikkdag
 - Hovudmålet med denne dagen er at barna skal få erfaring med korleis det er å gå i trafikken, og kva vi som fotgengrarar må passe på når vi går i trafikken.
 - Vi har fokus på å sjå oss for før vi kryssar vegen, og legge merke til fotgengarfelt og skilt. Skulekameratane går først, dei vert sende ut ein og ein med noko mellomrom. Det står vaksne langs heile løypa der barna skal krysse vegen. Bak skulekameratane går barna avdelingsvis saman med nokre av dei vaksne. Når alle er komne attende til barnehagen vert det felles lunsj og utdeling av diplom. Dersom politiet har anledning til å bli med denne dagen, så har politiet ei trafikksamling før vi går.
- Sommarfest med foreldre
 - Målet med denne festen er å skape positive, felles opplevingar for barn, foreldre og tilsette. Vi ynskjer å markere at barnehageåret er slutt, og at dei eldste barna skal byrje på skulen.
 - Vi trekker eit brudepar på kvar avdeling og brudeparet går fremst i toget. Bruda får blomekrans på hovudet. Vi plukkar blomar dagen før, slik at alle barna får kvar sin

bukett. Saman går vi i tog til Helsetunet og syng nokre songar. Deretter vert det felles lunsj og is i barnehagen. Skulekameratane får avslutningsgåve.

Heile året:

- Internasjonal dag
 - Målet er å gi barna kunnskap om ulike land og kulturar. Barna skal oppleve at det vert gitt plass i barnehagen til alle og oppleve godt fellesskap på tvers av ulikskapar.
- ID
 - Målet er å gi barna kunnskap om og innblikk i kultur kvifor nokre av barna i barnehagen feirar ID, og ved å lage ei markering av dagen. Markeringa vil bli i etterkant av sjølve ID, slik at alle borna får vere med. Det er ID to gonger om året, tidspunktet varierer frå år til år.
- Bursdagsfeiring
 - Målet med dagen er at barnet som har bursdag skal oppleve seg sjølv som verdifull. Barnet får difor ekstra merksemd denne dagen.
 - Vi heng opp flagget
 - Bursdagsbarnet får krune.
 - Vi har bursdagssamling med song og leik.
 - Bursdagsbarnet får vere med å bestemme kva som skal serverast denne dagen.
- Livsglede på Helsetunet (dette har me ikkje starta opp att med etter korona)
 - Målet med dette samarbeidet er at barna skal kjenne til kva Helsetunet er, og møte nokre av dei som bur der oppe. Vi ynskjer at barna i møte med dei eldre skal få ei byrjande respekt, omsorg og interesse for eldre menneske. Vi kan lære av kvarandre, og ha det kjekt i lag.